

**KONTROLLUTVALET I LÆRDAL  
KOMMUNE**

**ÅRSMELDING 2021**

### **Innleiing**

Kommunelova (KL) sjuende del, kapittel 22 til 26 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 22-1. Kommunestyret vel eit kontrollutvalet til å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 23-1.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret og dette gjer at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet. Sekretariatet for kontrollutvalet skal vere uavhengig av rådmannen.

Etter kommunevalet i september 2019 valde kommunestyret følgjande kontrollutval for perioden 2019 - 2023:

Njål Kaardal Golf – leiar	- varamedlem Anders Voll Eltun
Britt Bruflot Gram - nestleiar	- varamedlem Marit Eri
Egil Natvik Vestrheim	- varamedlem Halvard Lunden
Jens Rikheim	- varamedlem Kari Blaaflat
Guri Olsen	- varamedlem Gerd Anne Skalle

Egil Natvik Vestrheim vart og valt inn i kommunestyret. Frå og med 03.09.2020 er og Njål Kaardal Golf fast medlem i kommunestyret.

### **Kontrollutvalet sitt formål**

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

Kontrollutvalet sitt ansvar for tilsyn og kontroll er todelt, der den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen, og den andre oppgåva rettar seg mot utføring av revisjonsoppgåvene.

### **Revisjon**

Vinteren 2019 vart det gjennomført nytt anbod på revisjonstenester. Etter tilråding frå kontrollutvalet vedtok kommunestyret at KPMG tok over som revisor frå 1.juli 2019. KPMG leverer finansiell revisjon, men kan ved behov levere forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. KPMG hadde avtale om revisjon fram til 30.06.21 med opsjon på å forlenge avtalen i to år, fram til 30.06.23. Kommunen har nytta opsjonen til å forlenge avtalen.

### **Sekretariat for kontrollutvalet**

I 2008 gjorde kommunestyret vedtak om å inngå avtale om sekretariatsfunksjon med PricewaterhouseCoopers (PwC) med verknad frå 1.1.2009. Alle kommunane i Sogn regionråd er med i dette samarbeidet. Avtalen har vore vore ute på anbod fleire gongar. Det vart i 2017 inngått ny avtale som gjaldt fram til 01.06.2019, men med høve til forlenging i 2 + 2 år. Kontrollutvalet og administrasjonen har valt å nytte opsjonen, og avtalen er forlenga fram til 01.06.2023.

Det er i 2021 gjennomført 5 ordinære møter i kontrollutvalet i samsvar med oppdragsavtalen med PwC.

### Dei viktigaste sakene i 2021

I 2021 blei det gjort vedtak i til saman 20 saker. Dei viktigaste sakene har vore:

- Årsmelding for kontrollutvalet i Lærdal kommune 2020 (sak 4/21)
- Forvaltningsrevisjonsrapport om heimetenestene vart handsama i sak 5/21.

Resultatet av forvaltningsrevisjonen viste at det i all hovudsak er gode rutinar og system for oppfølging av brukarane. Vidare at den formelle organiseringa syner å ivareta omsyn til pålagte oppgåver og arbeidsmiljøet til dei tilsette. Revisjonen kom med tilrådingar knytt til å sikre stabilitet i leiinga over tid. Vidare tilrådde revisor at ein vurderte å auke talet på årsverk, spesielt med sjukepleiarkompetanse, men og innan sakshandsaming for tildeling av tenester. Kontrollutvalet rådde til at tilrådingane i rapporten vart følgt opp i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten og effektiviteten i heimetenesta. Rapporten vart sendt over til kommunestyret som handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i sak 24/21.

Kontrollutvalet har hausten 2021 følgt opp korleis administrasjonen har jobba med å følge opp tilrådingane.

- Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2020 for Lærdal kommune (sak 9/21). Fråsegna vart sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.
- Kontrollutvalet tinga ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om arbeidsmiljø innan oppvekstsektoren. Kontrollutvalet gjorde nokre justeringar i høve til planen før revisor kunne starte gjennomføringa av prosjektet. Forvaltningsrevisjonsrapporten vart levert og handsama på kontrollutvalet sitt møte i desember 2021. Kontrollutvalet viste til tilrådingane i rapporten, samt til rådmannen si fråsegn til rapporten. Kontrollutvalet rådde til at tilrådingane i rapporten vert vurdert og følgt opp i det vidare arbeidet med å sikre eit god arbeidsmiljø i oppvekstsektoren. Rapporten vart sendt over til kommunestyret til orientering. Kommunestyret handsama rapporten i sak 80/21 og kommunestyret slutta seg til kontrollutvalet si tilråding. Kontrollutvalet vil følgje saka vidare og be om ein statusrapport hausten 2022.
- Tertialrapportar  
Kontrollutvalet har gått nøye gjennom framlagde tertialrapportar gjennom året.

- Oppfølging av status på fleire saksområder

Kontrollutvalet har gjennom året bede om og fått orienteringar på ei rekke saksområde. Dette gjeld mellom anna:

- Førebels gjennomgang av årsrekneskapen for 2020
  - Orientering om korleis rutinane for handsaming av medikament fungerer ved legesenteret, i LMS og i bu- og miljøtenesta
  - Status på framdrift og budsjett for VAR-utbygginga
  - Orientering om tilbakemelding frå fylkeslegen knytt til hending ved LMS
  - Status frå revisor i høve til framdrifta på revisjon av rekneskapen til kommunen
  - Orientering om kommunale tillegg i høve til renovasjon
  - Orientering om korleis ein sikrar likebehandling av saker knytt til byggesaker/frådeling
  - Orientering om korleis rutinane for handsaming av medikament fungerer ved legesenteret, i LMS og i bu- og miljøtenesta
  - Status på investeringsprosjekta knytt til utbygginga innanfor vatn og avløp, samt utbygginga på Håbakken
  - Orientering om kommunen sine rutinar kring datasikkerheit
  - Ei orientering om status på utbygginga på Håbakken i høve til framdrift og i høve til budsjett
  - Oppfølging av læringspunkta i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til offentlege innkjøp
  - Status på gjennomføring av vedtaka i kommunestyret i 2020
  - Orientering om kva rutinar kommunen har for å sikre at ikkje offentleg informasjon ikkje vert lagt ut offentleg på postlista
  - Orientering om status for det kommunale ryddeprosjektet som starta opp i 2019
  - Orientering kring masseuttak
  - Tilbakemelding frå SIMAS i høve til oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten av SIMAS IKS i 2020
  - Ei generell orientering om rekruttering-situasjonen i Lærdal på dei ulike tenesteområda
  - Ei orientering om status for personalet i kommunen etter eit og eit halvt år med koronatiltak
- Kontrollutvalet har bedt rådmannen om å gjere ei intern evaluering av Håbakken-prosjektet. Dette vil bli gjennomført i løpet av 2022.
  - Budsjett for kontrollutvalet 2021 vart handsama i sak 16/21. Budsjettet vart sendt til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett. I det endelege budsjettet som vart vedteke i kommunestyret i desember 2021 var det ingen vesentlege endringar i høve til kontrollutvalet sitt framlegg.

For øvrige saker og nærare detaljar vert det vist til møtebøkene og sakspapira som ligg ute på kommunen sine nettsider.